Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 11.09.2026
Vår ref: 2026/6374
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Laingen, 71 25 85 27

Budsjett- og økonomiplanarbeidet 2027-2030

I år gir Statsforvaltaren kun høyringssvar på budsjett og økonomiplan til kommunar i ROBEK. Dette brevet vert sendt til alle kommunane i fylket. Vi ber om at brevet blir lagt fram for kommunestyret.

Oppsummering

- Fleire kommunar startar no budsjettarbeidet tidlegare. Det gir grunnlag for betre avgjerder.
- Ei felles forståing av den økonomiske situasjonen mellom administrasjonen og folkevalde manglar i nokre kommunar.
- Kommunestyra må gjere nødvendige prioriteringar og ta nødvendige grep for å sikre ein berekraftig kommuneøkonomi.
- Mange kommunar omstiller seg for sakte ut frå endringar i demografi, tenestebehov og økonomiske rammevilkår.

Utfordringsbilde

Kommunane i Møre og Romsdal står i ein krevjande økonomisk situasjon. Dei siste åra har fleire hatt eit utgiftsnivå som er høgare enn inntektsnivået. Samtidig har mange kommunar bygd ned disposisjonsfonda sine, og fleirtalet har no avgrensa økonomiske reservar til å møte uventa hendingar eller svikt i inntektene.

For fleirtalet av kommunane er lånegjelda høg etter omfattande investeringar gjennom mange år. Dette inneber store og varige rente- og avdragsutgifter som reduserer handlingsrommet i drifta.

Samtidig står kommunesektoren overfor store demografiske endringar. Talet på eldre aukar, mens talet på barn og unge går ned i mange kommunar. Dette krev omstilling og prioritering av ressursane. Om befolkningsutviklinga gir endra behov for kommunale tenester, kan ikkje dagens løysingar vidareførast uendra.

Kommunestyret skal forvalte kommunen sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir teken vare på over tid. Samtidig skal de levere gode nok tenester til innbyggjarane. Budsjett og økonomiplan er dei viktigaste styringsverktøya kommunen har for å sikre dette.

Realistiske budsjett i eit langsiktig perspektiv

Kommunane må ha tilstrekkeleg økonomisk handlingsrom til å handtere uventa hendingar, svingingar i inntekter og auka kostnadar. Vi vil understreke kor viktig det er at budsjett og økonomiplan byggjer på realistiske føresetnader; først då blir dokumentet eit godt styringsverktøy.

For kommunar med låge disposisjonsfond eller store meirforbruk er det særleg viktig å arbeide målretta for å styrke den økonomiske situasjonen. For at økonomien skal vere berekraftig, kan ikkje kommunen bruke meir pengar enn han får inn over tid.

Mange kommunar er i gang med den nødvendige omstillinga. Tiltaka må vere tilstrekkelege til å skape varig balanse mellom inntekter og utgifter. Vi forventar at dette arbeidet held fram.

For mange av kommunane er det heilt nødvendig å redusere utgifter, endre tenestetilbod eller utsetje investeringar for å unngå innmelding i ROBEK. Slike avgjerder kan vere upopulære, men kan ikkje utsetjast dersom kommunen skal oppretthalde økonomisk balanse. Kommunestyret må vere villig til å stå i krevjande avgjerder og ta ansvar for langsiktig berekraft framfor kortsiktige omsyn. Dette er eit felles ansvar for heile kommunestyret. Både posisjon og opposisjon må bidra til nødvendige prioriteringar og omstillingar for å dra i same retning. Ein berekraftig kommuneøkonomi kan ikkje byggjast på at vanskelege avgjerder blir overlatne til andre.

Investeringar og gjeld

Det er også viktig at kommunestyret vurderer investeringsnivået nøye. Nye investeringar må sjåast i samanheng med kommunen si økonomiske bereevne og konsekvensane dei får for framtidige driftsbudsjett.

Kommunane bør vere varsame med å gjere investeringar og auke gjeldsbelastninga ytterlegare dersom det ikkje ligg føre eit tilstrekkeleg økonomisk handlingsrom til å bere dei framtidige rente- og avdragsutgiftene.

Risiko for innmelding i ROBEK

Kommunelova stiller krav om at kommunen skal dekke inn eventuelle meirforbruk innan fastsette fristar. Kommunar som ikkje oppfyller desse krava, eller som vedtek budsjett eller økonomiplan i strid med lova, vert meldt inn i ROBEK.

For kommunar med svake driftsresultat, lite på disposisjonsfond og høg gjeld er det nødvendig å handle raskt for å få kontroll på den økonomiske situasjonen for å unngå innmelding i ROBEK.

Avslutning

Statsforvaltaren oppmodar kommunestyra om å nytte arbeidet med budsjett og økonomiplan 2027–2030 til å gjere nødvendige prioriteringar og ta grep for å sikre ein berekraftig kommuneøkonomi.

Med helsing

Else-May Botten

Maria Laingen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarar:

Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN